

# LEUKISTISK SANDLO I MAKKEVIKA, GISKE

Kjell Mork Soot

09. august 2011 var Petter B. Folkestad på veg til stasjonsbygninga til Giske Ornitologiske Stasjon i Makkevika. Ute på mudderflatene såg han ein småvadarflokk på rundt 100 fuglar. Midt blant desse gjekk der ein svært kvit vadar som verkeleg skilde seg ut frå dei andre. Han lyste opp, var nærmast det vi kallar for eit blikkfang. Petter stussa, og skunda seg tilbake til bilen for å hente kikkerten som sjølvsgagt låg der når han for ein gongs skuld verkeleg trongst. Men det var for seint, fuglen var flogen då kikkerten var i hende. Det var mest naturleg å tenke seg at det var ei myrsnipe, for det var den arten som dominerte i vika. Men fuglen var ikkje å sjå meir .

Ved fjøre sjø dagen etter, ut på formiddagen, opna Petter opp netta for å fange småvadarar i vika. Vadarfangsten var treg. Klokka 11 hang

der ei ung sandlo, men det var lite å få elles. Men etter to timar skjedde det: ei Kvit sandlo hang plutselig i nettet! Ho var ikkje sett der tidlegare på dagen. Det måtte vere same fuglen som Petter hadde sett dagen før. Fuglen var ikkje albino, men leukistisk, dvs at fuglen hadde ikkje raude auge, og var heller ikkje drivandes kvit over alt. Enkelte felt i brystet var mørkare brune. Fargen på nebbet og føtene viste tydeleg at det var ein gammal fugl. Det Petter elles la merke til, var at fjørene verka stivare /hardare enn hos andre sandlo. Fuglen verka ikkje så mjuk å ta i som andre. Elles viser dette tilfellet at enkelte fuglar kan klare seg bra, sjølv om det blir sagt at albino / kvite fuglar er meir utsette for predasjon, fordi dei er lettare å oppdage.



10.august 2011. Fuglen er flaggmerkt, og klar for frislepp. (Foto Petter Birger Folkestad)


Sunnmøre RG starta i fjor med flaggmerking av mellom anna sandlo på Giske OS. Dette har gitt gode resultat så langt. Denne spesielle fuglen blei sjølvsagt behørig flaggmerka med gult flagg med bokstavkombinasjon AYE på høgre tibia. På venstre tibia fekk han raud markørring, og metallring på venstre tarsus. Og fuglen har vist igjen etter at han reiste frå Giske. Det er tydeleg at folk rundt om legg merke til han:

Det gjekk berre 11 dagar etter merking. Då blei sandloa sett og fotografert på øya Helgoland utanfor nordkysten av Tyskland, 931 km sør for Giske. Fire dagar etter, 25. august, blei han først sett og fotografert i reservatet Edderthorpe, nær Barnsley i

England, 670 km vest for Helgoland. Same dag (!) blei fuglen sett og fotografert nær Moira i Leicestershire, 91 km lenger sør.

Sidan fuglen er over eitt år i alle fall, ser det ut til at han klarer seg bra. Vi er spente på om denne kvite sandloa med det gule flagget vil kunne gi oss fleire opplysningar. Det er det store sjansar for, viss ikkje ein eller annan jeger skyt fuglen fordi han er så spesiell.

Og kven veit, kanskje har andre fotografert denne fuglen før han blei flaggberar? Kjenner nokon av lesarane til at kvite sandloer er fotograferte, så gi oss eit tips! Han burde vere lett å kjenne igjen!



Kart over reisa til den leukistiske sandloa. Datoar for merking og observasjonar er vist på kartet, og avstandane mellom dei ulike stadene. (Kart laga av Ingar Støyle Bringsvor).